

iu-lage

Organ for Finnøy Kristelege Ungdomslag

06/04



Formannshilsen

Av: Marianne Ildstad

Har du någen gong hatt d slig at du vett at nå MÅ du setta deg ner og skriva ner någe på d blanka arket som ligge rett framføre deg og skrike itte å få blekk på seg, men så vise d seg at hjernen nekte å finna på någe å skriva? Væh, d va ein långe setning! Men uansett, sånn har jaffal eg d akkurat nå: tomt, tomt og atter tomt for idear og lure ting å skriva om.

E kje så kjekt... Forresten nå kom der någe susane inn i toppen: Årets haust weekend e øve, å d e me et trist uttrykk eg seie d, for nå e d pigade meg et heilt år t neste gong, men heldigvis har me goe gamle Stavtjørn å se fram t, for et år e lenge!!

Øve 60 oppglødde ungdommar (å nå-

gen litt eldre) som forlot Finnøy fredag ittemiddag klar for ei sosiale helg uten foreldre (d va ein av de yngste som sa) og masse kjekke rarieterar og viktigast av alt : goe møtesamlingar! Sjøl såg eg aller mest fram t korssamlingå som me allti har på lordags kvelden, for meg e d årets høydepunkt. D e ei heilt utrolig goe stund der me virkelig merke at Gud e blant oss, og me får dela trunå vår me kvarandre på ein heilt spesielle måte og kvart et ord går (jaffal meg) rett t hjerta! Fantastisk!

Nå som eg sitte her å skriva må eg innrømme at: ja, eg e på ein måte gla for at helgå e øve og, for kroppen trengje litt meir søvn enn ka an får på ei slig ei helg, hehe. MEN sama kor trøtte eg e, så kan eg me sikkerhet sei at eg har stor kost meg på bedehuset i Suldal: talaren va heilt topp: (Svein Helgøy hette maen som hadde temaet: Koffer me e her... Et tema som e meget aktuelt og som han klarte å formidla t oss på ein spen-

nande måte, me ein blanding av Bibel quiz, Bibel undervisning, drama og eksempler frå hans eget liv. Lovsongen va super (stor takk t dokk i lov-songsteamet, dokk gjor ein mega jobb!), folk va stort sett snille og humøre va på topp blant folket, reisingå gjekk bra (takktakk Øyvind!) og maten smakte godt! Så ja, dokk kan angra dokk så kje va me! Håbe dokk bler me på Stavtjørn, for ei helg som detta e verdt å få me seg!

Heh, eg hadde visst litt å sei aligavell, kjekt kjekt. Men nå blei d nokså tomt igjen... Hmm.. Føle eg har glømt någe kjempe sentralt... Nei nei... Dukke kje opp någe her nei.. 1 ting: Fortsett å be for ungdomslaget!!! Te alle som støtte opp om arrangementå våre: fortsett me d! E kjekt å sjå kvar einaste ein å dokk e hjertelig velkommen! Å møje kjekt har me å by på, bare sjekk ut "menyen". Ha d godt og nana

Andakt

Av: Heidi Bleie Skeiseid

Eg skriv dette søndag 24. oktober. I dag har eg vore på søndagskulegudsteneste. Der fortalde Steinar Mjølensnes om turen til Colombia. Han og seks andre besøkte mellom anna barneskulen/dagsenteret i San Vicente, som blir driven av midlar som er samla inn på Finnøy.

Den setninga som sit best igjen frå gudstenesta er då Steinar sa "Det er som om me går i ferdiglagde gjerningar." For det er nok mange i Colombia som har bede om hjelp. Og for dei er vårt misjonsprosjekt deira bønnesvar. Tenk å få vera ein del av Guds bønnesvar! Det handlar om å lytta til

Guds stemme og våga vera lydhoøyr.

Gud kan av og til virka så langt borte. Eg bed til gud men føler ikkje at nokon høyrer. Då er det trusstyrkande å høyra folk fortelja konkrete hendingar der Gud bombesikkert er med i bildet.

GUD ELSKER GJENNOM OSS

*Hvert eneste menneske er Guds barn,
Skapt i hans bilde.*

Det er det som teller.

Vår oppgave er å tjene

Den fattigste blant de fattige.

Guds kjærlighet er uendelig,

Full av ømhet, full av medfølelse.

Gud elsker verden gjennom oss;

Deg og meg

Når bønn blir liv, om Mor Teresa, 1990

Kommande arrangement

05.10: Stikk Innom

06.11: Stikk Innom

12.10: Åpen Hall

13.11: Den store baby festen

19.10: Stikk Innom

20.11: Coca Cola Cup i hallen

26.11: Åpen Hall

27.11: Hjelp vi lager film!

03.12: Stikk Innom

04.12: Buss By Bowling

Brus Bingo

11. september



Av: Kjell Morten Eggebø

Endeleg var det klart for bingo kveld igjen! Forventningane var skyhøge, faktisk mest høgare enn Lars, og han er over 1,80 meter på tå! Så då kan de tenka dykk sjølv kva for eit press dei ansvarlege kjende då dei skulle starte kvelden presis kl 9.

Kvelden byrja med vakker song frå CD og andakt av Bernt Johan Austbø, før Lars starta Bingo delen med eigenkomponert rap. Og så vart det ein 10 minutt pause der folket fekk kjøpa bingo brett og det vart sete ut litt snacks på borda.



Så vart det med eit knusk stille... Alle dei vel 50 oppmøtte hadde sete seg godt til rette og retta oppmerksomheten mot O store Bingolars (Nær slektning av Kaffilars). No vart det bingo det gjaldt! Ingen torde å skrapa med stolen eller laga annan lydforurensing, for då kunne det jo vera at dei gjekk glipp av eit tal, og dermed sjansen til å vinna dei eksklusive brus effektane.



Lars rulla i vei på Eldrelaget sin bingo-rullar, og etter kvart vart både den eine og den andre premien delt ut, me nemner i fleng: fest BRUS, husets BRUS,



riCOLA, BRUSetabletter, happy COLA, osv.. Medan rullaren snurra spela Anders bingo musikk, og DJ K2M spela lyd effektar på lyd anlegget.

Folk mora seg og stemninga var høg, men det mest spanande var jo JOKER bingo! Bingolars hadde lurt oppi nokre jokerkuler i rullaren sin, og trekking av desse medførte at dei som hadde neste tal måtte stilla seg framføre Bingolars. Der måtte dei igjennom ein liten utvelgelse før dei utvalde fekk konkurrera i diverse tevlingar, og den som vart den heldige vinnaren i kvar joker runde fekk trekkje seg ein PANTELAPP. Slik fortsatte kvelden heilt til Bingolars mest fekk krampe i rullehanda og så gjekk folk heim.



Crazy Hair Night

18. september



Av: Guri Vignes

Så va d duka for "Crazy hair night" igjen! Me åpna dørene i hall 9 tiå åsså begynte me ronnt 9. Meg sjøl og Eirin Nordbø va satt t å ha ansvar denne kvellen.

Me begynte me den åndelige delen. Me sang 2 sanger åsså fekk me ein fine andakt av Olaug Flesjå. Der va



ikkje så møje folk i begynnelsen, men d bedra seg ud øve kvellen.. Poenget me kvellen hørre du jo ganske gått i øveskriftå.. meiningå va at folk sko møda opp crazy på håret.. d va litt opp å ner me kor møje folk hadde jort du av d, mn alt i alt så va d jo ganske møje kult☺ Gelantin va et ganske godt stikkord for denne kvellen.. Erlend Vastveit hadde et ganske stivt hår kan du sei.. Me hadde to kåringar denne kvellen... Ein før og itte hår konkur-

ransen. Anne Landa fekk prisen for den finaste, Daniel Rosland fekk premie for den styggaste og Erlend fekk for den mest kreative.. Så hadde me hår konkurransen for kvellen. Alle blei delt inn i lag. Dei måtte velga ein på laget som dei sko laga på håret. Dei hadde lov å broga d dei andre på gruppå hadde hatt i håret å d mesta av d di fant på Lauvnes. Eg syns skikkeleg synd på dei som blei laga på håret. Jakob Steinnes had-



de d mesta opp i håret. Klesklyper, spagetti, sjokoladesaus, krydder, ketchup.. d e bare någen stikkord. Maria Nordbø hadde og fått ein ganske så ekkel blanding. Vaniljeis blanda med krydder, sjokoladesaus, kikkoman å allslags andre ekle ting. Alt dette blei kleisa skikkelig godt inn i håret. Eirin Nordbø fekk håret sitt tupert, hadde i ketchup, å masse skum og maizena! Eg fekk me mg Lars Reilstad og Roger Handland t å kåra desse prisane. Takk for hjelpå!)

Jakob Steinnes fekk prisane for den eklaste og den høgaste og Maria Nordbø fekk for den mest kreative☺

Itte dette fekk di fleste vasst håret sitt litt på do. Då va d ti for ein sang konkurranse.

Eg og Eirin hadde lagt t sånn ca. 12 sanger.. Eg må bare få sei at Maria



Flesjå va ein suveren vinnar i denne konkurransen.. Og eg trur gr. hennas fekk i havn 10 av 12 sanger.. selvfølgelig me litt hjelp ifra resten av gr.☺ Itte dette så va egentlig programmet slutt så me hadde bare vanleg stikk innom etterpå... Litt å vaska itte folk va gått, mn me god hjelp ifra venner så går jo d greit;)

Takk t alle så lagte seg t på håret☺ SKIKKELEG bra!!

Kveld

25. september



Av: Øystein Bergøy

Jess, då var det duka for Kveld. Men kva er eigentleg Kveld? Dette undra kanskje mange seg over.

Jo, det skal eg fortelja deg om kjære lesar, Kveld er ein fristad der folk kan leva ut seg sjølve (men kakekasting er framleis strengt forbode Bjørnar!). Kveld er eit fyrtårn i ei verd av ureinsle og synd, eit arrangement stad der gleda rår og latteren aldri dør ut (i alle fall fram til ca tolv, fordi då blei døra lukka for andre enn vaskepersonalet) og lystige 8. klasseandlete fnisar og lysar opp staden. Nett slik kan ein omtala Kveld.

Kveld byrja til ny standardtid for alle lørdagsarrangement: kl 21.00. Arne Madland hadde ein andakt som må vera



blant hans topp fem! Framifrå! Den handla om forhåndsdomming. Etterpå blei det bare fri leik for folket. Det blei sal av kaker som var generøst donert av Kirsten Flesjø, Else Vignes og Sonja Nordbø. Eg skal ærligt innrømme at eg berre veit kva familiar desse kom frå. Så dersom det t.d. var Tor Bjarne, eller andre av vår mannlege del av befolkninga, som har kosta støv av TINE forkledet (ja, eg får sjokolade av far for å skriva TINE i avisa) og laga desse framifrå bakverka, må dei ha meg orsaka. Vel uansett, dette var stort sett det som hende fysisk sett på Lauvsnes før tolv. Elles kan det nemnast at det nyan-scaffa air hockeybordet er framleis ein stor hit.

Det var heile hovudstyret som hadde ansvar for dette arrangementet. Uhel-



digvis for Lars og eg var dei av hovudstyret som ikkje var i Tyskland, på hyttetur eller sjuke, gått heim. Med andre ord kan ein seia Hanne gjekk heim så dei to staute karane måtte vaske åleine. Vel, det er jo for så vidt greit nok for to personar å rydda etter eit arrangement. Men det hadde seg no slik at denne gongen var det meir å rydda. Ferjemenn og kaker går anten veldig godt saman, eller ikkje i det heile. Det siste hadde inntruffe den kvelden for å seia det slik. Dette kombinert med ein god blanding av det faktum at Lars og eg ikkje er verdas mest effektive karar og ein Kristoffer Nordbø som er i godt humør gjorde at klokka blei vel halv to (me stengde for allmuen, som nemnd, ca kl 00.00).

Men alt i alt blei det no ein vellukka



Alle bildene: e henta frå ein heilt alminnelig kveld (Stikk Innom fredag 27.08) og må for all del ikkje forvekslas me arrangemente Kveld!

Ingen blir potet i egen åker

02. oktober



Av: Marianne Ildstad

Kvellen der Gud virkelig kalte på folk, for når klokka va slegen 21.00 va Lauvsnes bedehus stappfulle av folk, og d me goe gronn, for denne kvellen sto ungdomsmøte på programme!

Endre Urstad va mannen som talte Guds ord t oss på ein forrykane goe og interessante måte. Herr Urstad, som Dorrit likte å kalla han når hu kje kom på ka an hette, snakkte varmt om å ha Jesus som forbilde og alt d goa som fylle me å ha Han som venn! For der e ingen tvil om at Jesus e den beste vennen ein kan få!

Nå når eg har sagt litt om kvellens tale bare MÅ eg trekka fram ein litt morsom historie om Endre. Endre e ein 27 år gammal mann frå Bryne som aldri legge skjul på ka lag han heie på. Å d ser ut t at han e veldig så krye av å komma frå Bryne. Kvar me sitt seie bare eg då men... for adle som lese detta nå e nok enige me meg om at Finnøy e plassen! Men tebars

t Endre. Endre har gjort d godt i live og ser ut t å ver ein vellykka mann, men eg har fonne ut ein ting, og d e at datoar e kje heilt någe for han: eg ringte han for ett halvt år si og spurte om han ville ta turen øve t Finnøy for å gi oss någen goe og kloke ord, någe så han selvfølgelig svarte : "Æ goe greier dæ" t. Så me avtalte at oktober va årets måne han sko entra bedehuset vårt på, andre oktober. Når møte nerma seg hadde me litt telefonkontakt å alt såg ut t å ver i den skjønnaste orden, heilt t Endre ringe meg fredag 1. oktober og seie han lure på alt! Då tenke jo såklart eg: "oh no! Nå har han glømt ut at han ska besøka oss og ka han ska snakka om!!" Men d viste seg at d va kje verre enn at han sko veta ka ti båten gjekk. Litt meir beroliga la eg på mobilen og slappte av me tanken på at lordagens møte kom t å bli ein storveis suksess (någe d blei!!) . MEN rundt barne-tv tier ringe an å spør kor mange tunnelar han sko igjønå! Dessverre e kje koblingå mi liga raske allti, så eg tenkte bare han planla mårendagens reise, heilt t eg hørte han va ute å kjørte bil,så i panikk spør eg i foll fart? E du på vei nå du??". Å jada, d

va han! Kan låva dokk at eg lo!! Heldigvis gjor han d sama, hehe. Joda så han måtte snu og kjøra tebars t Bryne. Snakk om bomtur! Men nå visste han jaffal veien så dagen ittepå stilte han opp og ga oss ein fantastiske kvell! Dorrit leda møte og Fogn Kristelege Ungdomslag stilte opp me lovsongsteam + Anders (Trahaug) så musikk fekk me så d sto itte! Kjempe greier! Ungdommen på Fogn hadde t og me et lite dramastykke for oss , veldigt bra . Så som dokk gjedna forstår så va og detta møte et samarbeidsprosjekt me Fogn. E konge at me kan få t slikt! Guri song og ein flotte song for oss mens Silje spelte piano, flott flott. Å d blei gitt anledning t forbønn, någe som blei godt benytta. Itte programmets slutt åpna kiosken og d blei solgt is og brownies i tillegg t vanlige kioskvarer. Ja, nå har eg vell i groen sagt meir enn nok og konkludere me at detta blei ein knall flotte kvell! Og at d e stor sannsynlighet for at Dorrit og eg kjeme t å arrangera fleire slike møter, for oppmøte e enormt bra og eg vett der e mången så e svært så gla for sånne møter. T deg så kje va der: kom neste gong, d e så absolutt verdt turen!



Finnøy Kristelige Ungdomsskule

09. september

Av: Lars Vangen

Så var det tid for eit av høgdepunkta gjennom året, den store stikk innom festen. Det er sjeldan ein treff så mange ungdommar på "skulen" ein laurdags kveld.

Det var mange som var møtt opp denne kvelden, det er tydeleg at dette er ein laurdags kveld litt annerleis enn det ein er vant med, men kva anna ventar ein vell av ein stikk innom fest.

Ein blei møtt med eit Lauvsnes lokale pynta opp til klasserom, ein kunne med store bokstavar lesa at her var ein på Finnøy Kristelige Ungdomsskule.

Det er tydeleg at stikk innom styret har brukt litt tid på pynting. Etter kvart viste seg at det var meir så var planlagt, det var opprop og timeplanen var gjort klar. Og ein blei med klar melding forklart kva reglar som gjaldt her av den strenge inspektøren Arna og Lektor Anne Grethe som leia denne hyggenaften. Noko av det fyrste på denne skuledag var den berømte talen frå rektor, denne talen framført av rektor Erling gav sterke assosiasjonar tilbake til mine dagar på sentral skulen og herr Østhus. Det var ein heller klisjé full men og heller morosam tale. Men etter kvart



kunne denne rektoren(Erling) og visa at han var myndig, dette var det fleire som fekk oppleva, og det er eit under at ingen er å sjå med høyreapparat etter hans høylytte utbrudd. Timeplanen denne dagen bestod av meir enn talar, me song månadens salme, me hadde prøve og kva er vell ein skuledag utan kristendoms undervisning av Unni Vignes, dette bringa tilbake mange gode minner hjå meg. I løpet av kvelden fekk me og oppleva ei av dei kjende heimkunnskaps timane ved Thoralf Ladstein, ein mann som for så vidt burde vert nekta tilgang til eit kvart kjøkken! Eg vil bare bringa mine kondolan-sar til dei som har opplevd hans kokke-



kunst "live". I matfriminuttet slapp me i alle fall å sjå noko til denne perverse mannen, men me kunne derimot få kjøpa gode skulebollar, for dei som hadde gløymd nistepakken. Må då seia at dette var særst mykje betre enn dei tørre knekkebrøda med brunost som mange kjennar til.

Når det gjeld enkeltes uskikka oppførsel i timane så synes eg me har eit viktig tema å ta opp på neste foreldresamtale.

Eit alt i alt bra arrangement av stikkinnom gjengen, nok ein hyggeleg kveld på Lauvsnes.



Leikestova

16. oktober

Av: Liv Elise Landa

Kvelden starta med ein interessante andakt av Silje Vignes Flesjå. Hu snakkte blant aent om kor heldige me e som har ungdomslaget å gå t. Me har møyje å ver takknemligte for!! Tenk at me har et tilbud både fredagane å lørdagane!


D e kjekt å ha ein plass å treffa venne-
ne våre, å ikkje minst Gud på! Det har
nok lett for å bli ein selvfølge, men d e

d ikkje... Folk må bruga tid å krefter for
at me ska ha denne goe plassen.

Denne lørdagen -si eg fekk bestemma
heilt aleina- blei d bare masse leger. D
lige me..:) D såg ut som at folkå koste
seg, jaffal dei som va me på d som
skjedde. D va både latter å svette som
trilla fram denne kvelden.

Av legene kan eg nevna: *skjeriffen
*bøtte legen *skyt elgen og den fantas-
tiske "oi, oi legen". For dokke som ik-
kje ane ka desse legene går i, så e d nok
store fare for at dokke vil erfara d på
weekend!! D blir gang!!

← Sleeping beauties →



Weekend

22.-24. oktober



Av: Kjell Morten Eggebø

Om hausten fell lauvet av trea, det veit alle. Like sikkert er det at Ungdomslaget dreg avgarde på weekend.

Weekend til suldalsosen er for oss gamle travarar noko sjølvsgagt. Det vert liksom aldri haust utan ei helg me har-

de golv til madrass og mange overtrøtte tryner.

Årets haust weekend vart og utvilsomt ein suksess. Som du kan sjå på bileta rundt her, var det ei helg fylt av liv. Viss nokon av dei 63 påmeldte fekk tid til å kjeda seg, så var det truleg på eige initiativ.

Midt oppi alt leik, moro, cup i gymsal, kortspel osv, hadde me og 4 flotte samlingar med lovsong og andakt av Svein Helgøy. Han tala til oss om hensikten med at me var på weekend, og hensikten me at me er her på jord. Og på laurdags kveld hadde me ei flott delesamling, med song og vitnesbyrd. Alt i alt ei konge helg både på underhaldningssida og på den åndelege sida.



Missing!

Har du min så har eg kanskje din!

Saken e at familien Ildstad nå sakne soveposen sin og d må me få orden på. Så viss du har tatt me deg ein sovepose me rødt trekk så ver så grei å sjekk onna an om der står Ildstad på an. Takk takk! Å ta så klart kontakt me Marianne: 970 90 563. Du e gille du!



Teknisk vidunder: Henning og ledningane



Die Waffelmeistern: Günhild und Ziri



Trott sjåfør: Turen Nesvik - Suldal tar på



Nytt par?: Dorrit(20) og Daniel(14) fant tonen



Utslitt taler: Svein Helgøy ga alt på scenen.



Nyhet!: Stangen + Marita = sant



Fotballdrama: Vinjarcupen 7



Idrettsgale: Entusiastiske fotballtilskuere



Fornekter seg ikkje: Kjetil Syltelabb stjal et kyss av Dorrit

Skråblikk fra Suldal

Av: Tore Sevheim

Det er ikke lett å være el Toro på weekend. Jeg har vært på høstweekend en gang, og det var i åttende klasse. Siden den gang har jeg blankt sagt nei, og selvfølgelig endt opp med kupass på Finnøy når ingen er hjemme. Etter at min tid som kugjeter hovedsaklig er over, samlivsbruddet med Syltelabben, og et usedvanlig overskudd av søvn, tenkte jeg at tiden var inne for et nytt besøk i Suldalsosen.

Noe uheldig lovte jeg Henning å trylle frem noen velvalgte ord fra denne helgen, til ære for matadoren. Mine beste ideer dukker oftest opp mellom Mette-Marit er ferdigmelket og før Madonna klemmer bakbena sammen i melketrengthet. I det tomrommet der enes-

te underholdningen i fjøset er hvor feit bokfinken er blitt av alat kraftforet. Jeg skal ikke påstå hardnakket at det er en bokfink, men å sette navn på ting gjør alt så mye enklere. Akkurat i det tomrommet dukker de rareste ideene opp. Kjedsomhet er alfa omega for kreativiteten. For eksempel hvordan jeg prøver å finne ut hvilken ku som er hvilken venninne av meg. Kyr har jo mange av de samme egenskapene som venninne mine. Noen kyr er lave, noen svarte, noen aggressive, noen liker å bli tatt på – andre definitivt ikke, noen har stor jur og noen små.

I halv syvtiden om morgenen på weekenden dukker opp det øyeblikket jeg har ventet på. På grunn av meg og syltelabbens usedvanlig uintelligente valg av overnattingssted, får jeg ikke sove. Trappen av betong vi sover under fungerer som et stort stetoskop på hele be-dehuset. Men en salig stillhet som oser av kjedsomhet har spredd seg i bygget.

Dessverre er det bare stille før stormen.

Grytelokk var litt som kyr. Noen er søte, små og runde, andre store og tunge, enkelte har store ører, andre små. Et fåtall er gjennomsiktige, noen blir fort varme og andre er som kalde fisker. De hadde sine menneskelige egenskaper. Med ett har et umusikalsk Kaizers Orchestra startet tredje verdenskrig med grytelokk i andre etasje. Eller like mellom trommehinnen og skallebarken. Jammen ikke godt å si. Grytelokk er nå bare kalde, grå og meget onde.

Så nå håper jeg kjøreturen med den nyforelskede Stangen hjem til Bergen skal gjøre underverker. I skyggen av hans nye halvdel håper jeg på å finne det jeg leter etter. Står dette på trykk, tyder alt på at det ikke har skjedd. Det er ikke lett å kjede seg på weekend.

Skilt ved fødselen?


I dette nummere starte me ei nye spalta der folk kan senda inn bilder av seg sjøl eller venner så ligne på andre.



Eksempel 1: Torstein Reilstad og Thomas Numme



Eksempel 2: Elle ka me Janne og Lena Mjølsmes?



Fysste innsendar: Kjell Morten Eggebo e fysste lesar så bidrar



El Toro retter spøkelyset mot: Film

Av: Tore Sevheim

Glem Hollywood og Bollywood. Nå er det Hesbyskogen som gjelder. I det Pål Bang Hansen ramlet utfor kaien i Haugesund, skylte filmbølgen over Finnøy. Nå rulles den røde løperen ut for utdeling av den årlige Hesby-sagen.

Det er ikke vanskelig å se for seg Finnøy som et alternativ til Hollywood. Endelig kunne vi fått fart i lokalpolitikken, med Kåre ruslende rundt med kamera, caps og med en subjektiv holdning til fakta. I dokumentaren KaFarenDinHeit? vil Kåre avsløre uanstendige fakta om de nære familiebandene i lokalpolitikken på Finnøy, og de tette bandene til Landa-familien.

Vi kunne hatt gripende dramaer, en onsdagsfilm verdig. Se for deg hvordan Janne en dag står opp, og er alene på jenterommet. Utenfor står kofferten pakket, og det er åpningsscenen i den slående filmen Good Bye Lena.

I Steinnesvåg ville de revolusjonert



filmbransjen med science-fiction filmen The Prix. Butikksejefen og hans ansatte er egentlig spioner fra en annen planet. Det tar ikke lang tid før både Byggmakker Ladstein og Falkvåg er forsvunnet fra løse luften, men de har ikke tenkt å bestille inn nye.

I Den Sjette Stang finner Svein ut at

han aldri var påtenkt. En dag våkner han opp og ser hvordan verden ville blitt uten den sjette stang. Byggmakker er konkurs, stikk innom er nedlagt fordi det ligger så langt borte og det er akutt mangel på avløsere. Blir det fraflytting og sveltihjel? En ekte kommunalrealistisk grøsser fra dagens bygdenorge for Senterpartipolitikere. Politisk satire for Frpere.

Livet i Hollywood passer perfekt inn i Finnøys lille miljø. Også stjernene kjenner hverandre godt, omgås bare dem selv og skifter kjæresten dem imellom oftere enn bøndene her skifter traktor. Det eneste som mangler er at Øy-posten skifter ut sitt håndholdte digitalkamera med telelinse.

Titler som fortsatt bare er på skissestadiet er Alle Elsker Mai, Whats Wrong About Kjetil Sevheim, Farm Wars II – The return of the Multikutter, Olsenbanden og persienne-Harry, 4 Stikk innomer og en afia-kveld, mafiadramatet Å Zali! Er Det Han Som Er Faren og Oddvars soloprojekt "Hjelp, vi forhauser".

Medlem?

Nå har me komnt godt i gong med eit nytt ungdomslags år. Det betyr fornying av medlemskap.

Me har hatt litt tull me utsending av medlemskaps giroar i år, men nå sende Leif Jakob snart ut giroar til alle som var medlemmar i fjor. Eit anna alternativ som mange allereie har nytta seg av, er å betala 550 kr for weekend og dermed bli medlem i same slengen. Vonar at både forledre og born viser sin støtte med å betala medlemskap. For me treng midlar til å driva.



Fig. 1.: Medlemskortet

Medlemsfordeler: I år har me òg starta med fleire medlemsfordelar Dvs at arrangement med inngongspenger vert

billigare for medlemmer. Eksempel på dette er at weekend kosta 450 for medlemmer og 500 for dei som ikkje var det.

Me vil og senda ut medlemskort (Fig.1) til alle medlemmer slik at ein kan ha me seg bevis på at ein er medlem. Me vil i denne samanheng opplysa om at ein kan risikere og måtte betale full pris viss ein ikkje har med kortet som bevis. Dette er for å unngå at folk berre lyg til seg billigare arrangement.

Kopiert hjå:



BYGGMAKKER Ladstein

Fordi det lønner seg!



NORBOHUS Ladstein Bygg as Tenk nytt - Bygg i Finnøy!